

# KD sin finansieringsmodell

Fleire av hovudprinsippa i HVL sin budsjettfordelingsmodell legg til grunn ei tett kopling mot KD sin finansieringsmodell. Nedanfor er eit samandrag av korleis midlar blir fordelt til institusjonane.

## Rammefinansiering

Høgskular og universitet er finansiert gjennom rammefinansiering. Denne inkluderer både basismidlar og resultatbasert utteljing. For sektoren samla utgjer basis om lag 70% av rammeløyvinga og resultat om lag 30%.

Rammeløyvinga gir institusjonane eit strategisk handlingsrom ved at dei sjølve kan prioritere aktivitetat om område dei vil satse på for å nå sektor- og verksemndsmåla.

# KD sin finansieringsmodell

## Basismidlar

Basismidlane skal sikre stabil og langsiktig finansiering. Storleiken på basismidlane til den enkelte institusjon er sett saman av midlar til fagleg profil, breidde i fagtilbod, husleigemidlar, midlar til drift og vedlikehald av bygningsmasse, midlar til særskilte nasjonale oppgåver, øyremerka midlar til rekrutteringsstillingar og studieplassar med meir.

## Resultatbasert utteljing

Denne er eit resultat av kva den enkelte institusjon har oppnådd på resultatindikatorane. I 2017 vart det gjort endringar i denne delen av finansieringssystemet. Med endringa ynskte regjeringa å stimulere til betre gjennomføring i utdanningane, til at utdanningane og forskinga blir meir internasjonalt retta og til å auke bidraget frå institusjonane til innovasjon og verdiskaping i samfunnet

# HVL sin tildeling frå KD

Dette diagrammet illustrerer størrelsen på dei ulike komponentane i tildelinga frå KD. under viser kor store beløp dei ulike resultatindikatorane utgjer for HVL i 2019.

Komponent	Beløp
1 Basis	1 388 087 000
2 Studiepoeng	460 920 000
3 Kandidatar	107 402 000
4 Publiseringspoeng	13 480 000
5 BOA-inntekter	12 058 000
6 Utvekslingsstudentar	6 700 000
7 Inntekter frå Forskningsrådet og regionale forskingsfond	4 467 000
8 Midlar frå EU	2 864 000
9 Doktorgradar	931 000
	1 996 909 000

1 Basis

2 Studiepoeng

3 Kandidatar

4 Pub...  
5 B...  
inn...  
6 Ut...  
7...  
8...  
9..



# Hovudprinsipp budsjettfordelingsmodell HVL

I 2017 vart det sett ned eit utval som utarbeida ny budsjettfordelingsmodell for HVL. Følgjande hovudprinsipp vart lagt til grunn:

1. *Budsjettfordelingsmodellen skal gjelde for all verksemd som er finansiert av tildelinga frå KD.*
2. *Budsjettfordelingsmodellen skal tildele midlar til det aktivitetsnivået som er vedteke av styret.*
3. *Budsjettfordelingsmodellen skal vere tilpassa prinsipp og insentiv frå KD.*
4. *Budsjettfordelingsmodellen skal nytte rammebudsjettering som hovudprinsipp.*
5. *Budsjettfordelingsmodellen skal vere eit godt styringsverktøy.*
6. *Budsjettfordelingsmodellen skal legge til rette for langtidsbudsjettering.*
7. *Budsjettfordelingsmodellen skal vere transparent, føreseieleg og enkel.*

# HVL sin budsjettfordelingsmodell

<u>Budsjettmodul</u>	<u>Kriterier for fordeling</u>
Strategi	Fagleg og strategisk prioritering gjort av styret
Resultat	Studiepoengproduksjon i dei ulike finansieringskategoriane Kandidatproduksjon i dei ulike finansieringskategoriane Utvekslingsstudentar Doktorgradskandidatar Inntekter frå EU Inntekter frå NFR og RFF Inntekter frå BOA Vitskapleg publisering
Basis	Tildelte studieplassar frå KD i dei ulike finansieringskategoriane
Fagleg og administrativ støtte	I hovudsak realbudsjettering, men med ein mindre resultatkomponent.
Institusjonskostnadar	Realbudsjettering

# HVL sin budsjettfordelingsmodell - resultat

- KD har delt inn utdanningar i kategoriar frå A til F alt etter kor kostnadskrevjande dei er. Dei fleste av våre utdanningar er i D, E og F. Sjå neste lysark for oversikt over kategorisering av utdanningar.

Satsar i budsjettfordelingsmodellen			
Kategori	Studiepoeng	Kandidatar - enkel utteljing	Kandidatar - dobbel utteljing
A	106 200	80 680	161 360
B	81 480	60 920	121 840
C	54 320	40 320	80 640
D	39 520	30 440	60 880
E	32 120	24 680	49 360
F	27 160	20 560	41 120

Indikator	Sats
Utveksling	10 300
Utveksling Erasmus	15 450
Doktorgrandskandidatar	387 950
Publiseringspoeng	23 572
Inntekter frå EU	0,935
Inntekter frå NFR og RFF	0,095
Inntekter frå BOA	0,105

Kategori	Utdanning
Kategori A	Profesjonsutdanningane i medisin og odontologi, veterinærutdanning, kunstakademiet (NTNU), film- og fjernsynsutdanning (Den norske filmskolen og Avdeling for TV-fag, HINN) og scenografi og skodespel (HiØ), luftfartsfag (UiT).
Kategori B	Femårige masterprogram i arkitektur og industridesign, utøvande kunst- og musikkutdanningar på lågare og høgre grads nivå, grunnutdanning i produktdesign, grunnutdanning i animasjon, profesjonsutdanning i psykologi og farmasi, grunnutdanning i ortopediingeniør.
Kategori C	Realfag, teknologi, fiskerifag og kunst på høgre grads nivå, faglærarutdanning i musikk, dans og drama.
Kategori D	Humanistiske, samfunns- og idrettsvitkskaplege fag på høgre grads nivå, profesjonsstudium i teologi, femårige masterprogram i teknologi, bibliotek, økonomi og administrasjon på høgre grads nivå. Grunnutdanning i fysioterapi, mensendieck, bioingeniør, ergoterapi, radiografi, audiografi, døvetolk, reseptar, tannteknikk, tannpleie, fotojournalist, jordmor, stråleterapi, ABIOK-utdanningar (vidareutdanning i anestesi-, barne-, intensiv-, operasjons- og kreftsjukepleie). Visuell kommunikasjon, tekniske mediefag (film og fjernsynsprroduksjon, grunnskolelærarutdanning, faglærarutdanning i kunst- og handverksfag, allmennlærarutdanning med fordjupning i musikk, femårig integrert lærarutdanning, årsstudium i praktisk-pedagogisk utdanning).
Kategori E	Sjukepleiar-, vernepleiar-, barnevernspedagog-, barnehagelærar-, yrkesfaglærar, journalist-, ingeniør- og dyrepleiarutdanning. Profesjonsstudiet i juss, faglærarutdanning i praktisk-estetiske fag og faglærarutdanning i kroppsøving. Teknologisk og maritim utdanning, realfag, idrettsfag, friluftsfag, kunstfag, landbruksfag, skogfag, husdyrfag og fiskerifag på lågare grads nivå. Vidareutdanning i helsejukepleie, psykisk helse og teiknspråk.
Kategori F	Humanistiske og samfunnsvitkskaplege fag på lågare grads nivå, økonomi og administrasjon på lågare grads nivå, revisor-, sosionom- og bibliotekarutdanning, reiseliv og ex. phil.

# HVL sin budsjettfordelingsmodell - resultat

For å vise korleis resultattildelinga blir berekna er det nedanfor vist berekninga for FLKI gjeldande for 2019. Det er oppnådde resultat i 2017 som er grunnlaget.

FLKI		Grunnlagsdata								
Kategori	Studiepoeng	Kandidat - enkel utteljing	Pub.poeng	EU-inntekter	NFR- og RFF	BOA-inntekter	Disputasar	Utveksling	ERASMUS+	
C	15	9								
D	2 281	605								
E	1 465	389								
F	93	19								
Utan kategori			213	898 848	7 909 948	68 434 458	0,6	125	10	
Sum	3 854	1 022	213	898 848	7 909 948	68 434 458	0,6	125	10	
FLKI		Utteljing resultat								
Kategori	Studiepoeng	Kandidat - enkel utteljing	Kandidat - dobbel utteljing	Pub.poeng	EU-inntekter	NFR- og RFF	BOA-inntekter	Disputasar	Utveksling	ERASMUS
C	812 084	362 880	0							
D	90 135 635	18 416 200	0							
E	47 067 363	9 600 520	0							
F	2 530 226	390 640	0							
Utan kategori				5 026 965	840 423	751 445	7 185 618	232 770	1 287 500	154 500
Sum	140 545 308	28 770 240	0	5 026 965	840 423	751 445	7 185 618	232 770	1 287 500	154 500 184 794 769

# HVL sin budsjettfordelingsmodell - basis

Basis til fakulteta blir fordelt på grunnlag av tildelte studieplassar frå KD. Deler av desse er øyremerka ulike utdanningar medan deler av dei er frie, slik at HVL kan fordele dei mellom fakulteta. Dei frie studieplassane er fordelt slik at det skal vere best mogeleg samsvar mellom vedteken studieportefølje og studieplassar.

På same måte som for resultat, så er sats for basisfinansiering delt inn i kategoriar frå A til F. For at budsjettet skal balansere må desse satsane multipliserast med ein faktor. I 2019 var denne faktoren 0,47.

I finansieringssystemet	
Kategori	Basis
A	242 850
B	183 150
C	124 500
D	87 450
E	75 100
F	62 750

I HVL sin budsjettfordelingsmodell	
Kategori	Basis
A	114 109
B	86 058
C	58 499
D	41 091
E	35 288
F	29 485

# HVL sin budsjettfordelingsmodell - basis

For FLKI ser dette slik ut i 2019:

Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett Kategori	Studieplassar	Utteljing basis
C	30	1 754 982
D	2 631	108 109 246
E	1 593	56 213 146
F	63	1 857 533
		0
Sum	4 317	167 934 907

$$\text{Resultat} + \text{basis} = 184\ 794\ 769 + 167\ 934\ 907 = 352\ 729\ 676$$

# HVL sin budsjettfordelingsmodell

## Fagleg og administrativ støtte

Her ligg fellesadministrasjonen. Kostnadene til denne blir i hovedsak realbudsjettet og inneholder midler til alle administrativt tilsette, både på institusjonsnivå og fakultetsnivå.

## Institusjonskostnadar

Institusjonskostnadar som rektorat, høgskulestyre, råd/utval, infrastrukturkostnadar og IT blir realbudsjettet. Her ligg også budsjett til stipendiatar.